Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

# A U G U S T - R U T I N A

1. Årsplankonferansen
2. 21. sugust
3. Chile
4. Sommarleiroppsummering
5. Nesna-streiken
6. Unge Pionerer
7. Purring på vedtektsrapportane

Oslo 25/7 1975

Organisasjonsutvalet

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

ÅRSPLANKONFERANSEN

Tidpunkt er meldt sist. Frammöte er

Dagsorden:

1. Situasjonen i partiet - högravvik?
2. Hovedmålsettingene i årsplanen
3. Arbeidet i haust
4. Andre saker

Obligatorisk lesing er Organisator'n om Högre, Årsplanen og dei studieanvisningane som er gjevne.

21. AUGUST

Vi stadfester direktiv om demonstrasjon som er gjeve på telefon - direktivet gjeld

DIREKTIV: Alle partiavdelinger skal gjennom RV halde stands som markerer 21.august. På standen skal Klassekampen seljast. (Hald standen torsdag der KK er kome fram og elles laurdagen)

CHILE

1. Det er eit opplegg i sving for å splitte Chilekomiteen - sjå KK for veke 30.

   DIREKTIV: Alle partiavdelingar som har Chilekomite i sitt oppland skal ta initiativ til å innkalle medlemsmöter. På möta skal leggast fram vedtaksframlegg som tek avstand frå hetsen mot Chilekomiteen, slår fast at Landsmötet var lovleg innkalt og slutter opp om plattforma for X Chilekomiteen. Dersom det er grunnlag for det, skal vedtaket også stötte dei to resolusjonane om Vietnam-"flyktingene" og ny-nazistane - men vurder her nökternt om det er råd å splitte frå bra folk frå opprtunistane. Vedtaka skal sendast til Chilekomiteen.

2. Chilekomiteen vil ta initiativ til demonstrasjonar 11.sept., det vil gå ut oppmoding frå styret. Vi er for mange demonstrasj.

   DIREKTIV: a) DS skal syte for at det blir demonstrasjon i
   b) Vi vil ha rapport om XXXXXXXXXX kva som blir gjort dei andre plassane med Chilekomite.
   c) Det politiske grunnlaget for demonstrasjonane skal fölge plattforma til Chilkomiteen. Vi skal framheve den aktive motstanden og den væpna kampen.
   d) Som talarar er vi mot NKP-revisjonister og andre SV-kjendiser. Talarene må stå på Chilekomiteen

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

sitt grunnlag. Kontakt oss om de er i tvil.

SOMMARLEIROPPSUMMERING

Alle DS som har arrangert sommarleir skal sende oss ei oppsummering av leiren politisk og organisatorisk <u>innan 15/8.</u> Vi vil heller ha ei förebels oppsum. da enn inga i det heile tatt.

NESNA-STREIKEN

Vi viser til direktiv i juni-rutina om at streiekestöttekomiteane skal ta opp andre aktuelle saker enn Hammerverk.

DIREKTIV: 1. Stötte til Nesna-arbeidarane skal drivast gjennom dei streikestöttekomiteane som finst.
2. Elles skal RV drive stöttearbeid.

UNGE PIONERER

UP skal ha Landsmöte i okotber - der vil vi ha ein del folk. Dersom ein melder frå at ein er interessert i å starte gruppe, får ein observatörstatus på Landsmötet. Vi oppmoder DS til å gjera dette kjend for dei laga de meiner det gjeld.

DIREKTIV: DS skal sörge for at det kjem folk frå min. 1.

VEDTEKTSRAPPORTANE

Vi har fått inn alt for få rapportar, innleveringa er spesielt dårleg frå dei områda der det er Distriktsstyrer. Materialet er viktig - vi vil innskjerpe at DS har plikt til å drive desse inn.